

From: Einar H Furnes[einar.furnes@tussa.com]
Sent: 02.12.2022 20:21:26
To: Postmottak SFMR[sfmrpost@statsforvalteren.no]; Moen,
Geir[finnrgemo@statsforvalteren.no]
Cc: einar.furnes@tussa.com[einar.furnes@tussa.com]
Subject: Høyring - revisjon av Åmelavassdraget
Attn: Statsforvalteren v/miljøavdelinga Lars Kringstad.
Eg viser til telefonsamtale 24. oktober 2022.

Det er rett som dei sakkunnige sa i retten i 1975 at Åmela ikkje lenger er å rekne som lakseførande. Retten konkluderte med att der i enkelte år med mykje nedbør kan det gå fram laks. Til dømes sommaren 2022 då eg såg 3 fiskar. To av dei ca 1,5 – 2,0 kg og ein på ca 1,0 – 1,5 kg. Den perioda var det mykje regn og overvatn på vatna/demningane på fjellet som gjorde elva særstør. Fangstrapporten som er innsendt frå 1972 og 1975 er frå berre ein fiskar. Elles er det ikkje sendt inn rapportar frå andre år. Eg kan opplyse at i 1975 vart det fiska 200 – 220 laks som var frå 1,2 – 3,0 kg.

Det har aldri vore utsett lakseyngel i Åmela så den er 100% sjølv-reproduserande. I 1975 vart det teke skjelpøver av mange fiskar. Prøvene vart sendt til Svein Aage Mehli i Trondheim. Han hadde med fiskerispørsmål (sakkunnig) å gjere i samband med Åmelaskjønnet.

Der vart det fastslege at mesteparten av smolten gjekk ut av elva som 3 åringar – Nokre som 2 åringar, og ganske få som 4 åringar. Tiltak som kanskje kan vere ei hjelp for å få laks og sjøaure tilbake til elva er å gjere tiltak på dei første 40-50 m frå sjøen ved å byggje for eksempel 3 tersklar i elva opp frå elvaosen.

Med helsing

Einar Furnes
Dalsfjordvegen 1901
6120 Folkestadbygd
Mob: 90 67 46 20

Gardsnr 136-brnr.2.
e-post: einar.furnes@tussa.com